



Jan Rune Hosøy
Heltveitvegen 9
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18682 - 21/338

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
05.01.2021

Tilbakemelding om manglar - gbnr 10/16 Rødland

Tiltak: utslepp
Byggjestad: Gbnr: 10/16
Tiltakshavar: Jan Rune Hosøy
Ansvarleg søkjar: Jan Rune Hosøy

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 02.12.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf. forureiningsforskriften § 12-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Kart

Søknad skal vise plassering av avlaupsanlegg og utsleppstad på kart i målestokk 1:5000 eller større, jf. forureiningsforskriften § 2-4 første ledd nr. 1 bokstav d. Anlegget si plassering i forhold til eigedomsgrenser må komme fram av kartet. Avstandar må påførast kartet og kartet må vise oversikt over alle leidningstrassear knytt til avløpsnett. (Bruk vedlagte kart.)

Privatrettslege tilhøve

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avlaupsleidning skal finglysast på eigedomane.

Fullmakt for signering av søknad.

Eigedom gbnr. 10/16 har 4 eigarar. Søknaden er sendt inn av Jan Runar Hosøy, det ligg ikkje føre fullmakt frå dei andre eigarane for innsending/signering av søknad. Søknaden er ikkje signert.

Storleiken på utsleppet

Søknaden skal innehalde opplysningar om utsleppet sin storleik i pe, jf. forureiningsforskriften § 12-4 første ledd nr. 1 bokstav e.

Interesser tiltaket kan få følgjer for

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Søknaden skal opplyse om interesser som etableringa av tiltaket kan få følgjer for, inkludert interesser knytt til drikkevattforsyning, fritid eller næringsverksemd, jf. forureiningsforskriften § 12-4 første ledd nr. 1 bokstav g.

Nabovarsel

Søknad skal innehalde opplysningar om kven som skal varslast. Kopi av varselet skal verte sendt kommunen samtidig som andre vert varsla. Kvittering for at varselet er sendt skal leggjast ved søknaden, jf. forureiningsforskriften § 12-4.

Eventuelle uttaler

Kopi av eventuelle uttaler til nabovarselet skal sendast kommunen saman med søknaden, jf. forureiningsforskriften § 12-4 fyrste ledd nr. 3.

Forhold til plan

Om utslippet er i strid med endelege planar etter plan- og bygningsloven, kan kommunen som forureiningsmynde berre godkjenne utslipp med samtykke frå planmynde, jf. forureiningsforskriften § 12-4 første ledd nr. 1 bokstav i).

Dokumentasjon av reinsegrad

Dokumentasjon av at reinsetiltak og reinsegrad for reinseanlegg er eigna skal verte laga av nøytrale fagkyndige innan vatn og avlaup, jf. forureiningsforskriften § 12-10.

Arbeid i kommunen sitt sjøområde.

For utlegging av leidning i kommunen sitt sjøområde, er det naudsynt med løyve frå Bergen Havn, jf. havne- og farvannsloven § 27.

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søkjer, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 05.02.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Me vil oppmode deg om å bruke Alver kommune sitt skjema «Søknad om utleppsløyve»
Dette skjemaet finn du på kommunen si heimeside:

[Alver kommune - Søkje om privat avløpsanlegg og utleppsløyve](#)

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av forureiningsforskriften § 12-5 og av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og filsyn

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

10_16

Mottakarar:

Jan Rune Hosøy

Heltveitvegen 9

5993

OSTEREIDET